

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
097/2014	Formannskapet i Radøy	PS	18.12.2014
010/2015	Kommunestyret i Radøy	PS	29.01.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kjersti Flatråker	14/276	14/12020

### Kommuneplan for Radøy - revisjon - gjennomgang av innspel og fastsetting av planprogram - Plansak 12602013000200

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til planprogram for revisjon av kommuneplan for Radøy vert godkjent for fastsetjing i kommunestyret.

Grunngjeving av vedtaket er at planprogrammet er i tråd med planstrategi for Radøy kommune 2012-2016.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 4-1.

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Melding om oppstart av planarbeid og framlegg til planprogram har vore ut på høyring. Det er kome innspel til arbeidet og desse vert no lagt fram for styringsgruppa.

Planprogrammet skal fastsetjast av kommunestyret, og formannskapet som styringsgruppe innstiller til vedtak.

##### Vurdering

Det er kome følgjande innspel til oppstart av planarbeid for revisjon av kommuneplanen og framlegg til planprogram:

##### Kjetil Hjelmtveit:

Hjelmtveit ynskjer at eigedomen skal leggjast ut som fritidseigedom, då eigedomen ligg nært eksisterande hyttefelt på Haugstad.

##### Rådmannen si vurdering:

Bytte av arealføremål er ikkje del av denne revisjonen av kommuneplanen og rådmannen vil difor ikkje innstille på å gå inn for å endre føremålet på denne eigedomen.

##### BKK Nett AS:

BKK Nett AS har områdekonsesjon for bygging og drift av distribusjonsnett for elektrisk energi med spenning opp til og med 24 kV. BKK har ynskje om planføresegner for nettstasjonar. Det må leggjast inn omsynssone for ny kraftleidning Mongstad-Kollsnes. Spenningsnivå for leidningsanlegg skal ikkje stå i plankartet. Det er planlagt ny trase frå

Kartveit til Austrheim og denne er ikkje lagt ferdig.

Rådmannen si vurdering:

Slik rådmannen vurderer det vil det vere nyttig å ha føresegner for nettstasjoar i kommuneplanen. Omsynssone for kraftleidning kan teiknast inn i plankartet og ein kan gje føresegner til omsynssona. Radøy kommune vil følgje arbeidet med å planleggje ny trase mellom Kartveit og Austrheim.

**Kystverket:**

Kystverket skal sikre god framkommelegheit, trygg ferdsel, og forsvarleg bruk og forvaltning av sjøområda. Kommunen må ta omsyn til arealbehov i farledene og kystverket informerer om korleis dette skal skje i plan.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen vurderer innspelet som god informasjon og nyttig for det vidare planarbeidet og tek den til vitande.

**Ståle Rossgård:**

Rossgård har gått igjennom framlegg til planprogram og har følgjande kommentarar og spørsmål: LNF-område med spreidd heilårsbusetnad tillete må ut av planprogrammet då det ikkje skal leggjast inn nye byggjeområde. Rossgård lurar på kva med heilårsbustader på frådelt eigeidomar i LNF som vert nytta som fritidsbustader? I tillegg har Rossgård språklege kommentarar til planprogrammet samt tidfesting av handlingar i framdriftsplanen.

Rådmannen si vurdering:

Slik rådmannen vurderer det kan planprogrammet endrast noko slik at det kjem tydelegare fram at det er LNF-spreidd med eksisterande heilårsbustader som skal leggjast inn i kommuneplanen no. Me tek utgangspunkt i kva eigedomane er definert som i matrikkelen. Språklege forbetringar vert motteke med takk og dokumentet vert vaska. Framdriftsplanen vert endra slik at den tek inn forseinkinga som har oppstått.

**Bergen og omland havnevesen:**

Havnevesenet kan ikkje på dette stadiet i planprosessen sjå at dei interessene dei er satt til å ivareta vert råka, og ber om at framlegg til plan vert sendt når det er klart.

Rådmannen si vurdering:

Bergen og omland havnevesen er høyringspart i planarbeidet og vil få planframlegget tilsendt.

**Fiskeridirektoratet:**

Direktoratet meiner planprogrammet er godt disponert og gjev god oversikt over hovudtema og målsetjingar med planarbeidet. Fiskeridirektoratet gjer greie for kva fiskeri- og akvakulturinteresser som finst i sjøområda i kommunen. Fiskeristyresmaktene er ansvarleg for forvaltninga av dei levande marine ressursane, fiskerinæringa og kontroll med akvakulturnæringa. Kommunen er arealplanstyresmakt, men har plikt til å leggje til rette for medverknad. Direktoratet definerer i innspelet korleis fiske og akvakultur skal vise i kommuneplanen. Direktoratet peikar på «Nasjonalt program for kartlegging og overvåking av biologisk mangfold» som kan nyttast som grunnlag for forvaltninga, der man mellom anna har delt inn marine naturtypar og nøkkelområde i verdiklassar det har vore fokus på gyte- og oppvekstområde for kysttorsk, og ålegras som leve- og beiteområde. Slike område av nasjonal eller regional verdi bør sikrast mot tiltak. fiskeridirektoratet har eiga kartløyning som er open for alle og data kan lastast ned.

#### Rådmannen si vurdering:

Utgreiing av fiskeri- og akvakulturinteressene i kommunen var svært nyttig slik rådmannen vurderer det. I tillegg er det særst nytting med tips om korleis fiske og akvakultur skal omhandlast i kommuneplan.

#### **Statens vegvesen:**

Statens vegvesen er av den oppfatning at alle nye byggjeområde bør ha plankrav, men ein kan vurdere mindre utbyggingstiltak og område med fortetting. Ein føresetnad må vere at ei vurdering syner at tilhøva til infrastruktur alereie er ivareteke. I tillegg bør det gjerast klart om støy er ei aktuell problemstilling. Statens vegvesen rår til at ein skiljer mellom LNF-spreidd eksisterande utbygging og LNF-spreidd ny utbygging. Trafikksikringsplanen vert nemnt av Vegvesenet som ei kjelde til å leggje inn prioriterte gang- og sykkelveggar i kommuneplankartet. Statens vegvesen minner om at kommunen bør planleggje for utvikling av eit godt kollektivsystem.

#### Rådmannen si vurdering:

Når det gjeldt plankrav så er det tenkt at det framleis skal gjelde for nye, større byggjeområde. Slik rådmannen vurderer det skal alle plankrav satt i kommuneplanen vurderes med tanke på om ein kan ta vekk dei der infrastruktur og andre tilhøve alereie er avklart. Kommuneplanen for Radøy har område for LNF-spreidd ny utbygging, det er no tenkt å leggje LNF-spreidd eksisterande inn i kartet med tilhøyrande føresegner. Radøy kommune er i innspurten med ny trafikksikringsplan og vil sjå på prioriteringane der når kartet skal teiknast. Der er det satt fokus på trygg skuleveg og tilhøve rundt kollektivhaldeplassar.

#### **Fylkesmannen i Hordaland:**

Fylkesmannen er positiv til planarbeidet og ynskjer lukke til med arbeidet.

#### Rådmannen si vurdering:

Innspelet vert teke til vitande.

#### **Hordaland fylkeskommune:**

Fylkeskommunen ber om at det vert teke særleg omsyn til ålmenn tilgjenge, landskap, friluftsliv og biologisk mangfald når ein skal definere og fastsette funksjonell strandsone i kommunen. Roser fokus på born og unge. Fylkeskommunen minner som kulturminnestyresmakt på at det vert gjeve stønad til arbeid med eigne kulturminneplanar. Undersøkingssplik etter kulturminnelova gjeldt ved utarbeiding av plan eller søknad om tiltak og fylkeskommunen kan ikkje seie seg samd i at ein kan ta vekk plankrav, eller endre LNF-spreidd før §9 i kulturminnelova er oppfylt. Kommunen må i så fall lage føresegner til planen som sikrer kjende og ukjende automatisk freda kulturminne. Areal til akvakultur og havbruksnæring må vurderast saman med næringa. Fylkestinget vedtok i juni 2014 ny klimaplan for Hordaland som legg premiss og føringar for planlegging i kommunen. Fylkeskommunen tilrår at planarbeidet vert diskutert i planforum.

#### Rådmannen si vurdering:

Rådmannen vurderer framlegg til planprogram til å vere i tråd med innspelet frå Hordaland fylkeskommune då det er sett fokus på å forvalte strandsona, landskap, friluftsliv, folkehelse, born og unges interesser, kulturminne, kulturmiljø, klima og energi, samt havområda, på god og framtidretta måte i tråd med overordna føringar. Rådmannen er glad for presisering i høve §9 i kulturminnelova og føresegner på området er deltema i revisjon av kommuneplanen.

#### **Marit Liv Haugland:**

Haugland er eigar av teig på Kvalheim og søker om at området vert endra frå LNF til

byggjeområde for naust.

Rådmannen si vurdering:

Bytte av arealføremål er ikkje del av denne revisjonen av kommuneplanen og rådmannen vil difor ikkje innstille på å gå inn for å endre føremålet på denne eignedomen.

**Konklusjon**

Revidert planprogram vert lagt fram for politisk handsaming. Planprogrammet skal fastsetjast av kommunestyret.

**Formannskapet i Radøy - 097/2014**

**FS - handsaming:**

Planansvarleg Kjersti Flatråker orienterte om planprogram for kommuneplan-revisjonen. Frode Hervik (V) spurde om det blir ein fullstendig gjennomgang av føresegnene i gjeldande kommuneplan. Flatråker sa at det blir fokus på føresegnene knytt til dei tema som skal vera med i kommuneplan-revisjonen, men at det også blir sett på andre føresegner når ein ser at det er aktuelt.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

**FS - vedtak:**

Framlegg til planprogram for revisjon av kommuneplan for Radøy vert godkjent for fastsetjing i kommunestyret.

Grunngjeving av vedtaket er at planprogrammet er i tråd med planstrategi for Radøy kommune 2012-2016.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 4-1.

**Kommunestyret i Radøy - 010/2015**

**KS - handsaming:**

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding.

**KS - vedtak:**

Planprogram for revisjon av kommuneplan for Radøy vert godkjent.

Grunngjeving av vedtaket er at planprogrammet er i tråd med planstrategi for Radøy kommune 2012-2016.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 4-1.

**Vedlegg:**

Radøy kp revisjon\_planprogram\_2014\_etter høyring